REFERAT FRÅ FAU-MØTE FOR VIKE MONTESSORISKULE
Vike Montessoriskule, 15.11.2023 kl. 19.30-21.00

Desse møtte:
Torgeir Hellebust, Siv Elin Sæther, Kathrine Rødal, Jon Osdal, Magnus Nerheim, Ellen Irene Sundfør Johansen, Ranja Hjelvik og Malin Balstad

Sak 1/2023: **Konstituering:**
Torgeir Hellebust vart vald til leiar (for 1 år)
Ranja Hjelvik vart vald til nestleiar
Jon Osdal vart vald til kasserer
Malin Balstad vart vald til skrivar

Sak 2/2023: **Gapahuk i Gjermundnesskogen**
Vi har to alternativ på gapahuk. Gapahuken må romme plass til ca. 30 elevar, ønskjeleg med eldplass i gapahuken. Kathrine har snakka med grunneigar (Kjell Ottar Gjermundnes) og fått godkjenning til å kunne setje opp ein gapahuk på det aktuelle området.

Ranja skal hente inn pris på begge alternativa, vi høyrer med XL-Bygg Dale Malo AS avdeling Vestnes.

Malin skal undersøkje om det må søkjast kommunen om løyve for å sette opp gapahuk (begge alternativa).

Torgeir skal søkje om tilskot.

Siv Elin utarbeidar sponsorbrev.

Aktuelle sponsorar:
- Hjelvik Settefisk AS
- Sætre Settefisk AS
- XL-bygg Dale Malo AS avdeling Vestnes
- Veidekke
- Salmar Farming AS teknisk avdeling
- Leikarnes maskin AS
- Natursteinspartner AS
- Busengdal AS
- Arnodd AS
- Sport 1 Tomra
- Ørskog Sparebank
- SpareBank 1 SMN Vestnes
- Sparebanken Møre
- Krogset Bygg AS
- Prophylaxia AS
- Bauta Group
- Straumen Bil AS
- Arvid Gjerde AS

Dersom det blir aktuelt å søkje kommunen om å sette opp gapahuken, må vi være obs på at søknaden kanskje må sendast i grunneigaren sitt namn.

Vi vil først innhente prisar på dei to ulike alternativa, for så høyre med bedrifter om sponsing, deretter opprette en spleis.

Sak 3/2023: **Elevkveld**

Vi ønskjer å kunne gjennomføre elevkveld til våren 2024**.**

Sak 4/2023: **Orientering- eller drøftingssaker**

- Leikepatruljen – Sunnmøre friluftsråd
  Jon informerte.
  Målet til Leikepatruljen er å skape fysisk aktivitet for alle barn, gjennom leik og aktivitet i friminutta.
  Vike Montessoriskule har samarbeid med Leikepatruljen og sender en gruppe med patruljeførarar (frå 4.-7. klassetrinn) på eit kurs i lokalområdet. Tilbake på skulen er det leikepatruljens oppgåve å sette fart i leiken saman med dei yngste skuleelevane.
  Leikepatruljen er med på å skape sosiale relasjonar på tvers av alder, kjønn og sosiale forhold.
  Dette tilbodet må vi fortsette å bruke!
- Julegrantenning 3. desember ved småbåthamna – barna på skulen er engasjerte for å lage pynt til julegrana.

Ref.: Malin Balstad